

Iris Bjørge

Vår ref.
24/1024-2

Dykkar ref.

Dato:
29.05.2024

Ferdigattest - bruksendring av bustadhus, gbnr. 86/40

Viser til søknad datert 29.05.24, om ferdigattest for bruksendring av bustadhus på gbnr. 86/40. Ferdigattest vert gjeve etter søknad når det føreligg sluttokumentasjon og erklæring om ferdigstilling jf. byggesaksforskrifta SAK10 § 8-1.

Det vart i sak 112/10 gjeve løyve for bruksendring av garasjedel til kjellarstove i bustadhuset på eigedomen. Det går fram av søknaden at tiltaket tilfredsstillar krava til ferdigattest, og det er ikkje utført søknadspliktige endringar i forhold til løyvet.

Vedtak: Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10 vert det gjeve ferdigattest for tiltaket. Ferdigattest gjeld for tiltaket slik det går fram av løyve i saka.

Merknader: Det vert gjort merksam på at ferdigattest ikkje er ei stadfesting på tiltaket sin tekniske kvalitet, men kommunen si avslutning på saka.

Kommunen si avgjerd om å skrive ut ferdigattest er eit enkeltvedtak som kan påklagast innan 3 veker, jf. forvaltningslova § 28.

Med helsing

Arnt Rune Knapstad
avdelingsingeniør

Direkte tlf.: 57730717

Brevet er elektronisk godkjent om det ikkje er signert.